

Lesarbreve

Vi godtek innlegg på både nynorsk og bokmål. E-post: ordskifte@dagogtid.no



På kraftmarknaden gir produksjonsteknologien i dag barriereverknader for nye produsentar, skriv Erling Berge. Foto: Eva Kjelstrup

Om «fri marknad» og kraftproduksjon

KRAFT ERLING BERGE

Det økonomiske fagspråket inneheld mange tekniske omgrep som etter kvart har glidd inn i både politikarspråk og daglegtale. Vi synest det høyrer bra ut med ein «fri» marknad, vi vil gjerne at både offentlege og private nyttar ressursane sine «effektivt», og vi vil om mogleg ha ei «optimal» fordeling av velferdsgoda i samfunnet.

Men når slike tekniske termar vandrar ut i dagleglivet, fungerer dei ikkje først og fremst som tekniske omgrep, men som politiske metaforar for litt uklare tankar om ein viss samanheng mellom omgrepet og ei ønskeleg utvikling av næringsliv og samfunn.

I økonomisk teori er omgrepa definerte, og samhengane mellom dei eksisterer innanfor veldefinerte modellar. I det verkelege livet vil samhengane vere vanskeleg å finne. I modellane er det ein direkte samanheng mellom den «frie» marknaden og «effektiv» ressursutnytting og «optimal» velferdsfordeling. I det verkelege livet er det ikkje slik dersom ikkje alle føresetnadane som modellen byggjer på, er oppfylte, og det er dei i prinsippet aldri. På den marknaden vi i dag har for elektrisk kraft, sviktar fleire av føresetnadene.

Dei gode eigenskapane til ein «fri» marknad, det vil seie ein marknad med fri konkurranse både mellom produsentar og mellom konsumentar, byggjer på relativt enkle, men fundamentale føresetnader:

1. Talet på produsentar må vere stort, så stort at ingen einskild produsent gjennom eigen

aktivitet kan påverke mengda av produktet på marknaden.

2. Talet på konsumentar må vere stort, så stort at ingen einskild konsument gjennom eigen aktivitet kan påverke etterspurd mengde av produktet på marknaden.

3. Både produsentar og konsumentar må oppføre seg «rasjonelt» i den meining at dei ser berre på pris når dei sel eller kjøper produktet på marknaden.

4. Kunnskapen om pris og kvalitet på produkta er fullstendig hos alle, og kunnskapen er tilgjengeleg utan kostnad.

5. Kostnaden for konsumentane ved å velje ein annan produsent må i prinsippet vere lik null.

I dag kan det reisast rimeleg tvil om den første føresetnaden er oppfylt. Etter at kraftmarknaden vart liberalisert, har det gått ein prosess med oppkjøp og samanslåing som drastisk har redusert talet på produsentar.

Ein av grunnane til at monopol kan utvikle seg, er at det finst barrierar for at nye produsentar kan komme inn på marknaden. På marknaden for elektrisk kraft vil det i dag vere vanskeleg for nye aktørar å komme inn. Ein annan grunn til at det kan utvikle seg monopol, ligg i stordriftsføremoner. I kraftproduksjon ved hjelp av vasskraft vil vassmengda setje grenser.

Den andre føresetnaden er truleg oppfylt. Talet på konsumentar er stort.

Den tredje føresetnaden er heller ikkje oppfylt, i alle fall ikkje for konsumentane. Manglande «rasjonalitet» hos konsumentane har likevel meir å gjere med investeringar i

forbruksutstyr og drivkrefter i trongen for elektrisk kraft, enn med «rasjonalitet». I føresetnaden om rasjonelle konsumentar ligg det òg innbakt at trongen for produktet ikkje er styrt utanfrå. Trongen for produktet skal komme ut av den einskilde si vurdering av tilhøvet mellom inntekt, pris og nytte frå produktet. Men trongen for elektrisk kraft er i Noreg i svært stor grad fastlagd av lufttemperaturen ute, og han varierer derfor i takt for dei fleste konsumentane over året.

Den fjerde føresetnaden på kraftmarknaden er rimeleg godt oppfylt. Sjølv om kostnaden ved å skifte kraftleverandør ikkje er like låg som når ein i butikken skifter til ein ny type pølse, vil den konstante kvaliteten på ein kilowatt straum vege litt opp i høve til at det ikkje er heilt gratis å fastsetje kvaliteten på pølser.

På kraftmarknaden kan ein altså konkludere med at produksjonsteknologien i dag i alle fall gir barriereverknader for nye produsentar og kanskje også stordriftsføremoner. Dette burde føre til særlege reguleringar av produsentsegmentet.

Det burde ikkje vere vanskeleg å utvikle høvelege reguleringar av desse tilhøva. Men det ser ikkje ut til at det er ein allmenn innsikt i at ein «fri» marknad i lengda berre er «fri» dersom han er styrt av høvelege og strenge statlege reguleringar. Det som i alle fall er sikkert, er at når byråkratar og politikarar byrjar handle som om modellane var sanne bilete av røyndomen, da vil vanleg folk få svi. Den norske kraftmarknaden sidan 1990 er eit døme på dette.

«Trongen for elektrisk kraft er i Noreg i svært stor grad fastlagd av lufttemperaturen ute.»

Skapinga som mysterium

FRÅ HISTORIA MAGNAR KARTVEIT

Andreas Skartveit sin artikkel om «Verda som mysterium» i Dag og Tid 14. januar nemner den jødiske/kristne skapingssoga. Ho står ribba tilbake etter at framstormande vitenskapar har gått laus på henne dei siste hundreåra, les me.

Skartveit siktar truleg til Første Mosebok og skapingstekstane der. Der er det ikkje berre éi, men to skapingssoger. Dei er ikkje blitt til i same omgangen, men dei er plasserte i hop. Då det skjedde, var det for å uttrykkja at forfattarane i grunnen ikkje visste korleis skapinga skjedde. Skapinga er eit mysterium.

Den første forteljinga finst i det første kapittelet og i dei første tre versa av kapittel to. Der skaper Gud verda på seks dagar, og på den sjuande dagen er det kvile, sabbat. Dette er bakgrunnen for vekerekinga med ein kviledag, som er unik. Skapinga av mennesket er framheva, saman med sabbaten. Heile forteljinga er rytmisk, poetisk, og systematisk bygd.

Den andre forteljinga startar i fjerde verset i kapittel to og går heilt ut kapittel tre. Ho startar på null, som om det ikkje fanst menneske, dyr, fuglar eller tre frå før, og aukar i dramatikkk. Dermed er det full kollisjon mellom dei to sogene.

Denne forteljinga skildrar skapinga av mannen, dyra og fuglane, og kvinna. Dei er plasserte i ein hage i Eden, men der skjer berre éi hending før dei blir drivne ut. Menneska et av kunnskapens tre, får ymse straffer for det, og blir jaga ut. Etter ein dag i paradiss

startar livet i verda: barnefødsel, brodermord, fredløyse.

Det er stadig ein diskusjon mellom forskarane om kva for ei forteljing som er eldst. Uansett er det to forteljingar som ikkje kan sameinast. På den måten seier dei at ingen av dei fortel korleis skapinga skjedde.

Den andre forteljinga er bygd på litterære mønster frå Egypt og Babylonia. Ho brukar stilen «Då enno ikkje...», mellom anna kjend frå det babylonske eposet Enuma Elish. Men ho dreier seg om frukttabben (det var ikkje eit eple) og fylgjene av han, og det er nytt. Den fyrste forteljinga slår opp det store format: I opphavet skapte Gud himmelen og jorda. Denne forteljingsmetoden er det ikkje funne parallellar til.

Då desse to forteljingane vart plasserte saman, fekk dei ein liten notis som avslutning på den første: Dette er genealogien til himmel og jord då dei vart skapte, 2,4a. Det vil seia at her sluttar den første forteljinga, før den andre tek til. Heile vers 4 er diverre feilomsett i Bibel 2011, slik at norske lesarar går glipp av poenget.

Det var ikkje framstormande vitenskapar som førte til at Bibelens framstilling av skapinga i dag stort sett ikkje blir tatt bokstavig. Redaktøren av dei tre første kapitla i Bibelen ville få fram dette. Me kan gå ut frå at han levde 400–500 f. Kr. Seinare lesarar har diverre glatta over det poenget, slik som Bibel 2011. Det er synd, ettersom Bibelen framstiller skapinga som eit mysterium. Og det er jo heilt moderne, ifylgje Skartveit.

Magnar Kartveit er professor i Det gamle testamentet.

Tørrfisk

FRÅ MATFATET KRISTIN LAURITZSEN

Aller først vil jeg takke Siri Helle så mye for at hun trekker fram vår kjære tørrfisk og informerer om dens historie og fortreffelige egenskaper. Det gleder meg som er en evig sjømatentusiast. Jeg ønsker kun å komme med noen tilleggs kommentarer.

Tørrfisk er som sikkert mange av dere vet, råvaren ved framstilling av lutefisk som vi spiser med stor appetitt hvert år i tida før og etter jul. Når man tar hensyn til nordmenns store lutefiskforbruk, blir inntaket av tørrfisk i Norge ikke så lite som man kan få inntrykk av når man leser «Frå Matfatet» i Dag og Tid 14. januar. Jeg forstår at Siri Helle ønsker å fokusere på tørrfisk som eget produkt, og ikke som en råvare som inngår i for eksempel

lutefiskproduksjonen. Men jeg synes likevel det kan være verdt å nevne lutefiskkonsumet, når man snakker om totalforbruket av tørrfisk i Norge.

Og ellers kan jeg fortelle at det finnes noen få profesjonelle produsenter av ferdig utvannet tørrfisk (skinn og beinfri tørrfisk) i Norge som leverer produktene til dagligvarehandelen. Dere som bor i nærområdene til Tromsø, kan skaffe ferdig utvannet tørrfisk fra fryse- og kjøledisken og lage dere et herlig tørrfiskmåltid samme dag. Som tidligere Tromsø-beboer og hjemflyttet trønder har jeg mang en gang leita etter utvannet tørrfisk i dagligvarebutikkene i Trøndelag, men uten å lykkes med det. Jeg tror at tørrfisk kan bli like mye verdsett i Norge som i middelhavslandene, hvis den bare blir tilgjengelig for oss i hele landet.